

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep

0030 OSLO

Dykkar ref.:
14/2588

Vår ref.
Sak/dok.: 14/03414-3
Ark.: 008

Dato:
02.09.2014

Høyringsfråsegn - framlegg til endringar i stadnamnlova

Kartverket viser til høyringsbrev og høyringsnotat frå Kulturdepartementet 02.06.2014. Kartverket gir følgjande høyringsfråsegn:

Til 2. BAKGRUNN 2.2 Høyringsframlegg i 2012

Kartverket er samd i at det er behov for ei grundigare gjennomgang av lova enn det var i 2012. Vi er nøgde med at departementet no har sett på alle paragrafane i lova med tanke på tydeleggjering og forbetring.

Kartverket sendte også inn høyringssvar ved høyringa av lovframlegget i 2012. Vi har framleis same standpunkt som i 2012. Sitat frå høyringssvaret i 2012:

Innledningsvis understreker vi at Kartverket primært ikke ønsker en endring i *lov om stadnamn* slik det foreslås i representantforslaget fra Øyvind Halleraker og Olemic Thommessen. Dette synet har vi hatt helt siden saken startet i 2008. Vi har argumentert for det i mange sammenhenger, blant annet i korrespondanse med departementet, i to notat ifm. høring i Familie- og kulturkomiteen i oktober 2008, og i debatt på Språkdagen 2009.

Vi har praktisert nåværende regelverk siden lovens ikrafttreden i 1991, og mener det i hovedsak fungerer etter lovens formålsparagraf; å ta vare på stedsnavn (inklusive gårds- og bruksnavn) som kulturminner. Gjeldende lov ivaretar både kulturelle, faglige og demokratiske prinsipp (lokal høring, eiers mening skal tillegges særskilt vekt, og det er en reell klageadgang). Argumentene mot lovendring kan oppsummeres slik:

1. Konsekvent skrivemåte - forutsigbarhet

Et viktig mål med gjeldende regelverk er å få en konsekvent og forutsigbar skrivemåte av samme stedsnavn på samme sted – i like og ulike funksjoner. Dette er viktig i dagens samfunn der stedsnavn brukes i søk i web-applikasjoner. Dyrebare tid går tapt hvis redningstjenesten, ambulanser og politi må bruke ressurser på å finne fram til en skrivemåte som de ikke kan forutse.

Lovendringsforslaget innebærer (punkt 4) at "det som i utgangspunktet er samme navn kan få ulik skrivemåte avhengig av om det er et gårdsnavn eller et bruksnavn". Vi vil få dobbeltformer som kan forvirre og føre til misforståelser.

2. Kulturminner

Nedarvete stedsnavn, inklusive gårds- og bruksnavn, er immaterielle kulturminner som er en del av landets kulturarv. Ingen enkeltpersoner – heller ikke en grunneier – eier disse nedarvete stedsnavnene. Fastsetting av skrivemåten bør derfor være det offentliges oppgave. Andre løsninger vil minske respekten for den kulturarven stedsnavna representerer.

3. Praktiske ulemper i kartproduksjon og saksbehandling

Den foreslåtte lovendringen vil bli en utfordring i Kartverkets arbeid, og også for andre kart- og

kartdataprodusenter og -leverandører. I kartsammenheng er det ofte "kunstig" å skille mellom gårdsnavn og bruksnavn, idet gårdsnavnet som regel vil bli plassert i tilknytning til bebyggelsen på ett av hovedbrukene.

Også saksbehandlingsmessig vil skillet by på utfordringer. Et skille mellom gårdsnavn og bruksnavn eksisterer ikke for folk flest (jf. punkt 3.1. første setning i høringsnotatet), ganske enkelt fordi det i folks bevissthet ikke er noe skarpt skille mellom gård og bruk. Når Kartverket skal fastsette skrivemåten av gårdsnavn, vil vi – selv om forskjellen mellom gård og bruk forklares i regelverket – stadig måtte argumentere med grunneiere og andre i lokalmiljøet som mener at "deres" skrivemåte er den riktige, også for gårdsnavnet, dvs. i navnets primærfunksjon.

Tilsvarende argumentasjon vil kommunene måtte bruke når gårdsnavn (primærnavnet) skal benyttes videre i adressenavn og i navn på bolig- og hyttefelt mv. En kan tenke seg at grunneieren på det største og mest sentrale bruket har sterke meninger og stor innflytelse, og dermed vil klare å presse igjennom "sin" skrivemåte også for kommunens vedtak. Konsekvensen vil bli en utilsikket, utvidet bruk av bruksnavn-skrivemåtene.

Slik departementet presiserer flere steder i høringsnotatet, m.a. i andre avsnittet i samandraget i kap. 1, er stadnamn immaterielle kulturminne, som har krav på vern. Nedervde bruksnamn inngår i disse verneverdige stadnamna. Fagleg sett har vi derfor same grunnhaldning som i 2012; at fastsetjing av skrivemåten for alle nedervde stadnamn, inklusive bruksnamn, bør vere det offentleges oppgåve slik det er i noverande regelverk. Etter vårt syn er det derfor særskilt viktig at grunneigaren sin råderett – slik lovendingane legg opp til – ikkje går vidare enn til bruksnamna; namnet på gardsbruket eller eignedomen (sjå 6.3 og 11.2 nedanfor).

I andre avsnittet i samandraget skriv departementet: "Stadnamn er immaterielle (ikkje-handfaste) kulturminne som gjev opplysningar om naturtilhøve, kulturhistorie, liv og virke. (...) Det er *meningsinnhaldet* i stadnamna som er bindeleddet mellom fortid og notid, og som gjer denne delen av kulturarven tilgjengeleg for oss." Vi vil minne om at det *språklege* aspektet ved stadnamna også er eit viktig kulturaspekt. Det burde stått "Stadnamn er immaterielle (ikkje-handfaste) kulturminne som gjev opplysningar om *språk*, naturtilhøve, kulturhistorie, liv og virke". Vi må ha i mente at ein i norsk namnegransking – og i dei ulike regelverka for normering – gjennom historia har brukt den nedervde lokale uttalen som normeringsgrunnlag.

Til 5. FORMÅL OG VERKEOMRÅDE

5.2 Departementet si vurdering

I nest siste avsnittet skriv departementet: "Det er også viktig å minne om at det er opp til Kartverket å vurdere kartografisk og praktisk kva namn som skal inn på eit kart. Dette inkluderer også bruksnamn." Kartverket er sjølvstendig samd i denne formuleringa. Påminninga bør stå synleg i regelverket for å ikkje skape urealistiske forventningar hos grunneigarane. Vi ber derfor om at ho blir tatt med vidare i førearbeida i lova og kjem med i kommentarane til lova.

Det siste avsnittet i 5.2 er også svært viktig. Det bør med i lovkommentarane for å hindre unødvendige namnesaker. Jf. påtrykk for nokre år sidan om å "tilbakestille" skrivemåten *Hokksund* til det opphavlege og meir forståelege '*Haugrund*'. Ei endring av det innarbeidde *Kragerø* til '*Kråkerøya*' e.l., for å få fram *meningsinnhaldet*, vil også vere *meningslaus*.

5.3 Endringsframlegg i § 1

Vi er samde i endringsframlegget i § 1. Likevel meiner vi *meningsinnhaldet* no er blitt tillagt for stor vekt, og det *språklege* aspektet for lite vekt. Vi foreslår derfor at setninga "Stadnamn er immaterielle (ikkje-handfaste) kulturminne som gjev opplysningar om språk, naturtilhøve, kulturhistorie, liv og virke" blir tatt inn i lovkommentarane saman med det vi påpeiker under 5.2. her ovanfor.

Til 6. DEFINISJONAR

6.3 Endringsframlegg i § 2

Definisjonen av *a) stadnamn* er bra og mykje tydelegare enn definisjonen i gjeldande lov.

Definisjonen av *b) bruksnamn* er betre enn i gjeldande lov i og med at termen 'gardsbruk' er tatt inn. Vi har ikkje framlegg til annan definisjon. Likevel ser vi framleis føre oss at skiljet mellom gardsnamn og bruksnamn vil by på store utfordringar fordi det for mange er eit ikkje-eksisterande skilje. Utfordringane vil komme uansett ordlyden i definisjonen. Vi reknar også med avgrensingsproblem i høve der det er berre eitt bruk (og eitt bruksnamn) under ein matrikelgard.

Til 7. NAMNEVERN

7.3 Endringsframlegg i § 3

Vi meiner endringsframlegget i § 3 er betre og meir klargjerande enn gjeldande regelverk. Det vil likevel vere nødvendig med forklarande kommentarar i regelverket til omgrepa 'særeige namn' (første ledd bokstav b) og 'andre grunnar' (første ledd bokstav c) og 'særlege grunnar' i andre ledd.

Til 9. VEDTAK ETTER STADNAMNLOVA

9.3 Endringsframlegg i § 5

Kartverket meiner det er positivt at det no blir presisert i tredje ledd kva for namn Statens kartverk gjer vedtak om skrivemåten for. Juridisk sett er det rett at Kartverket framleis gjer vedtak om skrivemåten av bruksnamn, også med dei føreslåtte endringane i § 8. (Jf. også andre leddet i 10.2.) Kartverket vil, i tilfelle der vedtaket for bruksnamnet følgjer eigaren sitt "avgjerande ord" og har ein skrivemåte som ikkje er i samsvar med gardsnamnet, leggje inn ei opplysning om dette i Sentralt stadnamnregister.

Til 10. NÆRMARE OM SAKSBEHANDLINGA

10.2 Departementet si vurdering

Tredje avsnittet heng ikkje innbyrdes logisk saman. I byrjinga av avsnittet blir det poengtert at det er viktig at grunneigaren blir opplyst om moment som har kome fram i høyringsrunden, t.d. fråsegn frå kommunen eller det lokale historielaget. Men lengre nede i avsnittet står det at det ikkje treng vere lokal høyring "dersom grunneigaren kan dokumentere at skrivemåten har vore i offentleg bruk". Også tredje avsnittet i 11.2 poengterer at vedtak om bruksnamn kan gjerast utan anna høyring. Dette er inkonsekvent. Det går ikkje godt nok fram korleis saksbehandlinga skal vere i bruksnamnsaker. Skal det vere lokal høyring? Kan saksbehandlinga vere ulik alt etter kven som tar initiativet til at saka kjem opp?

I hovudframlegg til lovendring i samandraget (kap. 1), står det i fjerde kulepunkt: "Grunneigaren skal straks få tilsendt språkfagleg tilråding, slik at han får direkte innsyn i dei momenta som har kome fram i høyringsrunden, og som kan styrkje eller endre oppfatninga hans." Underforstått: 1) Grunneigaren skal alltid få tilsendt tilråding frå stadnamntenesta, 2) Det skal vere lokal høyring også i saker om skrivemåten av bruksnamn.

10.3 Endringsframlegg i § 6

(Jf. kommentarane til 10.2). Tilsvarende logisk brest: Første ledd fastslår at "Kommunane har rett til å uttale seg når vedtaket skal gjerast av andre organ enn kommunen sjølv."... "Lokale

organisasjonar har rett til å uttale seg i saker som gjeld stadnamn organisasjonen har særleg tilknytning til." For saker om bruksnamn heng dette ikkje saman med den føreslåtte endringa i ny § 8 andre ledd: "Skrivemåten av bruksnamnet kan i desse tilfella vedtakast utan anna høyring." Det er derfor nødvendig å omformulere § 6 første ledd alt etter korleis ein kjem fram til at saksbehandlinga skal vere.

Kartverket er samd i at det er viktig at grunneigar får den faglege tilrådinga frå stadnamntenesta. Vi har også komme fram til at det bør vere lokal høyring også i saker om skrivemåten av bruksnamn. I høyringsrunden kan det komme opplysningar og synspunkt som kan innverke på eigaren si oppfatning av kva som er rett skrivemåten.

Til 11. SÆRSKILDE REGLAR OM GARDSNAMN OG BRUKSNAMN

11.2 Departementet si vurdering

Femte avsnitt: Første setninga her er sær s viktig og bør takast med i forskrift eller lovkommentarar. Det må gå tydeleg fram i regelverket at grunneigaren har råderett over namnet på eigen eigedom, ikkje noko anna.

Siste avsnittet gjer greie for utfordringane m.a. i kartsamanheng. Vi viser til 5.2. ovanfor, og siterer frå departementets høyringsnotat: "Det er samtidig opp til Kartverket og andre kartprodusentar sjølve å vurdere kva dei kartografiske løysingane blir." Som nemnt bør også dette inn i regelverket, t.d. i kommentarane til § 9 Bruk av stadnamn.

11.3 Endringsframlegg i stadnamnlova § 8

Tredje kulepunktet: Er det rimeleg at *festaren* alltid er sidestilt med eigaren med omsyn til å fastsetje skrivemåten for bruksnamnet? Skal det vere eit krav til at festet har hatt ein viss varigheit? Kva skal gjelde dersom festaren har eit anna syn enn eigaren? Lovkommentarane bør seie noko om dette.

I 6.1 i høyringsnotatet nemner departementet såkalla "daglegnamn", dvs. eit namn som ein i lokalsamfunnet til dagleg bruker om eit bruk som offisielt (i matrikkelen) har eit anna namn: "I tillegg ser vi også tendensar til at bruksnamn blir forstått som "det namnet vi brukar", altså eit slags daglegnamn på eit bruk som offisielt heiter noko anna." Til dømes kan eit bruk med namnet Øvre Haug i matrikkelen bli kalla Nordigarden på folkemunne.


Bør det vere eit eige avsnitt i § 8 om slike namn? No står det ingen stader i regelverket kva som skal gjelde for val og fastsetjing av skrivemåten av desse namna. Dei er munnleg nedervde og har såleis krav på vern. Vi mottar ofte ønske om at dei skal brukast på kart og adressering i tillegg til eller i staden for det offisielle bruksnamnet. Kva for dokumentasjon skal krevjast? Korleis skal dei vurderast samanlikna med det som kjem fram i skriftleg dokumentasjon?

Kartverket vil også peike på problem som kan oppstå i tilfelle der det er fleire eigarar av eit bruk, og dei ikkje er samde om kva som er rett skrivemåte. Kven avgjer då?

Venleg helsing

for

Knut Arne Gjertsen
ass. kartverksjef



Seniorrådgiver



Anne Svanevik
forvaltningsansvarleg stadnamn